

Nh.sund 15. nov.2009

Høyringsuttale
**"Forskrift om særskilde krav til akvakulturrelatert verksemd i
Hardangerfjorden"**

Norheimsund og Steinsdalen grunneigarlag vil med dette koma med innspel til nevnte høyring.

Det er ei velkjent sak at laksestammene i hardangerfjorden ligg nede med broten rygg. Det er ei like kjent sak at sjøaurestammene er reduserte til eit lavmål. Det er og slik at fagmiljøa knytter dette opp mot den voldsomme utviklinga innan oppdrettsnæringa i Hardangerfjorden.

Det finnes vel knapt ein fjord som er så mykje forska på som Hardangerfjorden. Kortfatta kan ein seia at dei konkluderar med at det er samanheng mellom auken innan oppdrettsnæringa, og nedgangen i dei ville bestandane. Grunneigarlaget kjem ikkje her til å gå gjennom dette punktvis, og visa til dei forskjellige rapportane som er utarbeidde. Me meiner at dette må vera kjent materiale for dei som utarbeidar den nye forskrifta.

No dreiar det seg om ein er villige til å ta innover seg dei fakta som allereie er tileigna. Me konstaterar at forslaget til ny forskrift bekreftar at dette ikkje er tilfelle. Det er svært skuffande å sjå at ein ikkje er villige til å redusera løyve til total biomasse lågare enn 50000 tonn. FKD opplyser sjølve om at det i 2008 ikkje på noko tidspunkt var meir enn 48000 tonn i sjøen. Me veit at dette tydeligvis var meir enn nok til å drepa ned dei ville bestandane.

Norheimsund og Steinsdalen grunneigarlag ser på dette som eit spel for galleriet. Kanskje det vil stagga noko av den aukande kritikken mot veksten i oppdrettsnæringa i Hardangerfjorden. Det vil ikkje føra til at Steinsdalsvassdraget igjen får oppleva bestandar av vill laks og sjøaure på eit nivå som eit slikt vassdrag skal ha.

Me fryktar og at oppdrettsnæringa står ovanfor enno større utfordringar i forhold til luseproblematikken. Det er med bekymring me tar mot meldingar om resistant lus. Det er heller ingen tvil om at ytterligare redusert biomasse ville gjort det enklare å få kontroll på lakselusa.

Har ein gått vekk frå **"føre var prinsippet"** ?

- Eller er det slik at denne nye forskrifta er ein garanti for at me får dei ville bestandane oppatt på eit akseptabelt nivå ?

Mvh.
Norheimsund og Steinsdalen grunneigarlag.
V/ A.Alvsåker